

Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning, Institutt for samfunnsvitskap.

Eigarstyring i kommunale føretak – har samansetning av styret noko å seie?

- Kva meiner norske ordførarar?

Linda Mortensen Midtbø

Masteroppgåve i strategisk leiing og økonomi (erfaringsbasert master), STV - 3910, hausten 2022



Innhaldsliste

1	Innleiing	1
1.1	Fagleg relevans	1
1.2	Bakgrunn for oppgåva	2
1.3	Presentasjon av problemstilling med avgrensing	4
1.4	Dispositionen til oppgåva.....	6
2	Empirisk kontekst.....	7
3	Teoridel	11
3.1	Teoretisk forankring og andre empiriske studiar om emnet.....	11
3.2	Forventningar til funn ut frå teori	15
4	Val av metode.....	17
4.1	Dei vala som er gjort i denne undersøkinga og metodiske svakheiter	17
4.2	Etiske avvegingar	20
5	Presentasjon og drøfting av funn.....	21
5.1	Presentasjon av dei sentrale funna.....	21
5.2	Drøfting av funn i forhold til forventningar	29
5.3	Oppsummering	35
6	Avslutning og vegen vidare.....	36
	Referanseliste	37
	Vedlegg 1 – Oversikt over spørsmål i spørjeundersøking	42
	Vedlegg 2 – Oversikt over kommunale føretak pr 27.04.2022	44
	Vedlegg 3 – Oversikt over kommunane i Norge pr 01.01.2020 med kontaktinfo.....	50

Figurliste

Figur 1 Eigarstyring i kommunale føretak - har samansetning av styret noko å seie? Og for kva?	5
Figur 2 Styrerolla for kommunale selskap (Olsen, Solstad og Torsteinsen, 2017). Illustrerer samanhengen mellom interessene til hhv. eigarane, selskapet og brukarane.....	13
Figur 3 Skildring av datainnhenting og dataomfang (del 1).	19
Figur 4 Formelle krav til styremedlemmar før oppnemning i den enkelte kommune (som har kommunale føretak). N=18. (Etikett: Øvste er krav til kompetanse, midterste er tal på føretak det gjeld, og siste er prosentdel føretak det gjeld). Note – Når det vert satt opp «erfaring som ikkje er knytta til formell utdanning eller spesifikk erfaring» er det meint relevant erfaring generelt.	22
Figur 5 Er posisjon/opposisjon avgjerande for kven som sit i styra i kommunale føretak? Svar fordelt på partitilhørigheit. N=44.	23
Figur 6 Kor eining er du i følgjande påstand? Politikare som styremedlemmar i kommunale føretak er avgjerande for korleis styret varetok eigar sine interesser i positiv retning. 1= Einig, 10 = Ueinig. N=44.....	24
Figur 7 Kor eining er du i følgjande påstand? Mangfold (kjønn, alder, m.m.) blandt styremedlemmar i kommunale føretak er avgjerande for stor innovasjonsgrad. 1= Einig, 10 = Ueinig. N=44.....	25
Figur 8 Kor einig er du i følgjande påstand? Profesjonelle styremedlemmar i kommunale føretak er avgjerande for høg kvalitet på selskapsstrategien til føretaket.1= Einig, 10 = Ueinig. N=44	25
Figur 9 Kor einig er du i følgjande påstand? Relevant erfaring og fagkompetanse blandt styremedlemmane i kommunale føretak er klart viktigare enn mangfold og politisk tilhørigheit, for måloppnåinga i det kommunale føretaket.1= Einig, 10 = Ueinig. N=44	26
Figur 10 Kor einig er du i følgjande påstand? Å skilje ut kommunale oppgåver/tenester i kommunale føretak, gjev betre resultat per investerte krone enn å organisere det internt i kommunen.1= Einig, 10 = Ueinig. N=44.....	27
Figur 11 Kor einig er du i følgjande påstand? Å skilje ut kommunale oppgåver/tenester i kommunale føretak, er mindre ressurskrevjande enn å organisere det internt i kommunen. 1= Einig, 10 = Ueinig. N=44	27

Figur 12 Kor einig er du i følgjande påstand? Val av styremedlemmar til kommunale føretak
er primært ein politisk kabal som skal løysast - der partia sine interesser skal ivaretakast. 1= Einig, 10 = Ueinig. N=44 28

Figur 13 Kor einig er du i følgjande påstand? Val av styremedlemmar til kommunale føretak
er ein grundig prosess der ein primært koplar erfaring og fagkompetanse til det enkelte
føretaket sitt føremål. 1= Einig, 10 = Ueinig. N=44 29

Framsidebilete: Illustrasjonsbilete av styret i eit kommunalt føretak, fotograf Linda Mortensen
Midtbø.

Forord

Denne masteroppgåva er avslutninga på ein erfaringsbasert master i strategisk leiing og økonomi (MBA) ved UiT. For meg har det vert ei ny erfaring å ta eit så omfattande studie i kombinasjon med jobb, og det har vert veldig lærerikt å kunne nytte læringa direkte inn i jobbsituasjonar undervegs i studiane. Det har også vert lærerikt å kombinere konkrete utfordringar på jobb inn i teorien på studiane, og samla sett har det vert svært lærerikt og givande.

Eigarstyring av kommunale føretak er noko eg er blitt særsla nysgjerrig på gjennom eigen jobberfaring. Gjennom denne oppgåva har eg fått ei breiare innsikt og eit mykje meir nyansert syn på emnet, men samtidig mange nye spørsmål. Eg vil takke rettleiaren min Harald Torsteinsen for mange gode drøftingar og refleksjonar. Han har brei erfaring frå dette feltet, har vist stor interesse for problemstillinga, og eg har verkeleg sett fram til samtalane vi har hatt.

Som småbarnsforelder i full jobb, vil eg også takke tolmodige barn og mann som har dratt lasset heime og vist stor velvilje. Det har vert avgjerande. Eg ser fram til å vere litt meir sosial med dykk igjen, og ikkje gøyme meg vekk på heimekontoret. Eg vil også takke familien elles som har stilt opp i periodane eg er aleine med ungane, ikkje minst mamma – utan deg hadde ikkje dette vert mogleg. Tusen takk!

Florø, 27.11.2022

Linda Mortensen Midtbø

Samandrag

Emnet for denne masteroppgåva er om korleis norske kommunar forsøker å utøve eigarstyring av kommunale føretak gjennom samansetning av føretaket sitt styre. Kor medvitn er måten kommunar sett saman styret på, og har samansetning av styret noko å seie for kva ein oppnår? Fokuset er retta mot kva ordførarane meiner om dette spørsmålet. Utifrå tilbakemeldinga frå ordførarane er det ikkje eintydig kven kommunane vel å sette i dei kommunale føretaka, og kvifor dei sit der. Det er ei samansat vurdering som varierer for den enkelte kommune. Politikarolla, fagkompetanse, erfaring, mangfald av alder og kjønn har noko å seie. Ikkje isolert sett aleine som ein eintydig eigenskap eit styre må ha, men som viktige puslespelbitar eit heiltalig bilet.

1 Innleiing

1.1 Fagleg relevans

Kommunar, fylkeskommunar og staten kan skilje ut oppgåvene sine i eigne selskap. Dette kan vere alt i frå det lokale svømmebassenet til statlege infrastrukturselskap og olje- og energiselskap. Gjennom olje- og energiselskapet Equinor har ein gått ifrå ei meir direkte statleg styring av det som har vert sett på statlege oppgåver, til eit børsnotert selskap der staten får gevinst på investeringa. Skal det vere butikk eller politikk? Regjeringa seier at statleg eigarskap skal vurderast i lys av om det er det beste tiltaket for å nå samfunnsmessige mål, eller om andre tiltak treff betre (regjeringen.no). Lokalt kan det også vere ulike orsakar til at ein opprettar kommunale selskap for å løyse kommunale oppgåver. Men kva skjer med lokaldemokratiet når det offentlege driv eigarskap gjennom ein «armlengds avstand», og det er eigarinstruksen og samansetninga av styret som er eigarane (kommunen) sin einaste påverknad på styringa av desse oppgåvene? Tømmer ein det politiske rommet?

Den enkelte innbyggjar stemmer på sine representantar til kommunestyret, som skal ha det overordna ansvaret for dei kommunale tenestene i dei fire åra valperioden varer. Har desse kommunestyrepolitikarane like stor påverknad på dei kommunale tenestene som er organisert i eigne kommunale selskap, eller vert lokaldemokratiet svekka ved at politikarane vel å skilje desse tenestene ut i eigne selskap? Dette er eit dilemma politikarane må ta stilling til. Det er heller ikkje alltid dei kommunale selskapa har same interesser som eigarkommunen sin. Eit døme på dette kan vere satsing på cruise. Hamneverksemdu er ei communal oppgåve som ofte er skilt ut i kommunale selskap. Cruisetrafikk er økonomisk gunstig for mange hamneselskap, då det er forseielege inntekter over lang tid (anløpa vert ofte meldt inn fleire år fram i tid, i motsetning til anna type trafikk som kan vere meir ad hoc). Det er tryggare å gjere nyinvesteringar i ny hamneinfrastruktur når ein veit at ein har eit trygt og føreseieleg inntektsgrunnlag over lengre tid. Likevel er det ikkje alle byer og mindre stader som er like glad i konsekvensane auka cruisetrafikk medfører for sitt lokalsamfunn, og det kan oppstå interessekonfliktar. Kva gjer då eit styremedlem som også sit i kommunestyret? Vel hen det beste for selskapet vedkommande er sett til å styre, eller det beste for kommunen?

I Bergen hamn vart Bergen kommune sine representantar i hamnestyret hausten 2022 kasta på ekstraordinær generalforsamling (bt.no, 02.10.2022). Årsaka var at hamnestyret og Bergen kommune ikkje var samd i ambisjonsnivå på ny godshamn på Ågotnes. Dette var ikkje første gang Bergen kommune sine politisk valte hamnestyrerepresentantar vart bytta ut av same orsak. Det er fleire dømer på at kommunale selskap og kommunen sjølv har motstridane interesser, og hausten 2022 er til dømes straumprisar er hyppig drøfta emne der kommunane og dei kommunale selskapa ikkje har samanfallande syn. Med dette bakteppet kan ein stille seg spørjande til kvifor kommunane opprettar kommunale selskap, og korleis ein styrer desse.

Denne oppgåva skal fokusere på den kommunale selskapsforma kommunale føretak. Det er ei rekke kommunale tenester som er organisert som kommunale føretak; hamn, renovasjon, kraft, kultur, næring, eigedom, parkering med meir (Brønnøysundregisteret, sjå vedlegg 2). Det er ikkje føringar på at desse tenestene må organiserast som kommunale føretak, dei kunne like gjerne vert ein del av kommunen eller vert skilt ut i ei anna selskapsform - som til dømes aksjeselskap. For ordens skyld nyttar eg i denne oppgåva nemninga kommunale føretak for det som etter kommunelova §9 er definert som kommunale føretak, og nemninga kommunale selskap som ei fellesnemning for alle typar kommunale selskap (kommunale føretak, IKS, AS m.m.)

1.2 Bakgrunn for oppgåva

Emnet for denne masteroppgåva er om korleis norske kommunar forsøker å utøve eigarstyring av kommunale føretak gjennom samansetning av føretaket sitt styre. Kor medviten er måten kommunar sett saman styret på, og har samansetning av styret noko å seie for kva ein oppnår? Fokuset er retta mot kva ordførarane meiner om dette spørsmålet.

Organisasjonsforma kommunale føretak etter kommunelova (dagens §9) er meint for dei delar av kommunen si verksemد som har eit forretningsmessig preg, men som skal drivast som ein del av kommunen (NOU 2016:4, Ny kommunelov). Organisasjonsforma er tilpassa tilfella der kommunen ønskjer å gje verksemda si leiing noko større fridom som eige føretak, men kor kommunen ikkje ønskjer å gje verksemda full grad av fridom og føretaket difor ikkje er ei

sjølvstendig juridisk eining. Når dagens kommunelov skulle reviderast vart det i forarbeida (NOU 2016:4) drøfta habilitet for styremedlemmer i kommunale føretak. I det opphavlege framleggsett vart det foreslått at medlemmar og varamedlemmar av kommunestyret ikkje skulle vere valbare til styret i kommunale føretak. Dette for å unngå dobbeltrollar og habilitetsproblematikk. Det var ikkje det som vart endeleg vedtatt, og aktive kommunestyremedlemmer kan framleis også vere styremedlemmer i kommunale føretak.

Problemstillinga rundt dobbelroller og habilitet, som vart løfta i NOU'en, er ikkje ei ny problemstilling. Den er heller eit døme på ulike oppfatningar ein kan ha rundt styresamsetjing av kommunale selskap. Dette er eit felt som alltid har vert drøfta, men som har i dei siste åra fått auka merksemd. Drøftinga rundt styresamsetjing i kommunale selskap avspeglar ulike oppfatningar om kva som er den beste løysinga for eigarstyring; korleis skal interessene til eigar, selskap og brukarar vegast opp mot kvarandre? Årsaka er at kommunale selskap tek i vare ein viktig og aukande del av kommunal verksemd i dag, og desse forvaltar store verdiar både i form av økonomi og infrastruktur. Organisering og styring av desse einingane er blitt eit viktig politisk og samfunnsmessig spørsmål, inkludert korleis styra av dei kommunale selskapa vert satt saman. I tillegg til drøftinga om fordelinga mellom politikarar og fagfolk i styrene for offentlege eigde selskap, har spørsmålet om kjønnsfordeling også vert aktuelt lenge. I det heile kan det sjå ut som at mangfald i brei forstand har fått auka aktualitet i samband med samansetning av styret; både med omsyn til like retter for alle, men i tillegg utifrå ei tru på at dette vil fremme innovasjon, tenestekvalitet og meir framtdsretta strategiar.

Underteikna har per dags dato ei stilling som dagleg leiar i eit kommunalt føretak, ei stilling eg har hatt i over fem år. Eg sit i tillegg som styremedlem i eit av bransjestyra til Samfunnsbedriftene, ein organisasjon som organiserer mange kommunale føretak. Dette gjer at eg vert både tilskodar og deltar til problemstillinga, og eg har jobba med å vere medviten på subjektive meininger og standpunkt, og skilje desse frå empiri. Dette er samtidig medverkande til at eg har valt akkurat denne problemstillinga då eg finn emnet særspennande, og er nysgjerrig på problemstillinga utifrå eigne erfaringar.

1.3 Presentasjon av problemstilling med avgrensing

Så kva er status på kommunalt eigarskap i dag? Kven sitt i styrene i kommunale føretak i dagens kommunar? Dette lurar eg på, og har difor formulert problemstillinga:

«*Eigarstyring i kommunale føretak – har samansetninga av styret noko å seie?*»

Med undertittel: «*Kva meiner norske ordførarar?*»

«Noko å seie» for kva då? Det kan vere ulike grunnar til at ein kommune vel å skilje ut kommunale oppgåver i eit kommunalt føretak; som økonomisk gevinst, tenestekvalitet, effektivitet, samfunnsoppdrag eller liknande. Eg har tatt utgangspunkt i at ein skil ut kommunale tenester i kommunale føretak for:

- betre ivaretaking av eigarinteressene
- å ha eit klart mål med oppgåvene
- at ein ønskjer stor innovasjonsgrad
- at ein ønskjer høg kvalitet på selskapsstrategien (for å oppnå målet)
- for oppnå betre resultat per investerte krone og for å utnytte ressursane betre.

Det kan sjølv sagt vert fleire orsakar, men det har eg ikkje undersøkt meir i denne oppgåva.

Korleis setter eigarkommunen saman styret sitt for å oppnå dette? For å få svar på det har eg stilt meg følgjande forskingsspørsmål:


- Kven er det kommunane vel å sette i styrene i dei kommunale føretaka, og kvifor sit dei der?
- Har politikarrolla, fagkompetanse, erfaring, mangfold av alder og kjønn noko å seie?
- Er det forskjell på styrer samansat av aktive politikarar og profesjonelle styrer i kommunale føretak?
- Påverkar dette grad av innovasjon, kvalitet på selskapsstrategi og ivaretaking av eigarinteresser?
- Har eigentleg samansetninga av styret noko å seie utifrå kva mål eigarane set for dei kommunale føretaka sine?

Kan mangfold
vere avgjerande
for stor
innovasjonsgrad?

Er politikarar som
styremedlemmar
avgjerande for
ivaretaking av
eigarinteressene?

Er profesjonelle
styremedlemmar
avgjerande for høg
kvalitet på
selskapsstrategi?

Gir det betre
økonomisk resultat
å skilje ut
kommunale
oppgåver i eigne
føretak?



Er det mindre
ressurskrevjande å
skilje ut
kommunale
tenester i eigne
føretak?

Er styresamsetning
i kommunale føretak
primært ein politisk
kabal som skal
løysast?

Påverkar politisk
partilhøyrigheit
samansetning av
styrene i
kommunale føretak?

Kva formelle krav
stillar kommunane til
styremedlemmane, og
korleis bidrar dei med
kompetanseheving?

Figur 1 Eigarstyring i kommunale føretak - har samansetning av styret noko å seie? Og for kva?

1.4 Disposisjonen til oppgåva

Denne oppgåva har først ein del som gjer greie for kontekst. Deretter kjem det ein teoridel rundt emnet, som inkluderer andre empiriske studiar og forventningar til funn ut frå teori. Deretter ein del om val av metode, før ein vil få presentert, analysert og drøfta funna. Det heile vil bli summert opp i ei avslutning, som også ser på vegen vidare.

2 Empirisk kontekst

I 2016 la det regjeringsutnemnde kommunelovutvalet fram ei utgreiing som mellom anna inneheldt framlegg til ny kommunelov; NOU 2016:4 (regjeringen.no). Utvalet hadde tatt ei grunding gjennomgang av den gjeldande kommunelova. I NOU'en peikar mellom anna utvalet på at selskapsforma kommunalt føretak er velfungerande og etterspurt, og at dei i framlegg til ny kommunelov berre tilrår mindre endringar på selskapsforma. Den mest sentrale endringa er at medlemmar og varamedlemmar av kommunestyret ikkje skal vere valbare til styret i kommunale føretak. Dette for å unngå dobbeltrollar og habilitetsproblematikk.

NOU 2016:4 vart sendt på høyring same år, og i 2018 la Kommunal- og Moderniseringsdepartementet fram Prop. 46L (2017-2018). Denne proposisjonen inneholder framlegg til ny kommunelov, og byggar på NOU 2016:4. I proposisjonen kan vi både lese om kommunelovutvalet si utgreiing i NOU'en, høyringsinstansane sitt syn på same emne, og departementet si vurdering og innstilling. I proposisjonen finn vi høyringssvar med gode argument både for og mot at folkevalde i kommunestyret ikkje skal vere valbare til kommunale føretak. Departementet sluttar seg til utvalet sitt framlegg om valbarhetsavgrensingar for kommunestyremedlemmar.

Prop. 46L vart vidare handsama i kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget, som gjorde si innstilling (Innst. 369 L (2017-2018)). Komiteen støttar ikkje framlegget om at medlemmar og varamedlemmar av kommunestyret ikkje skal vere valbare til styrene i dei kommunale føretaka. Dei meiner at det i staden bør handterast gjennom habilitetsreglar. 07. juni 2018 vert ny kommunelov vedtatt, og den trer i kraft hausten 2019/nyåret 2020. I ny kommunelov er det framleis lov for medlemmar og varamedlemmar av kommunestyret å vere valbare til styret i kommunale føretak. Daglege leiari for føretaket kan ikkje vere medlem av styret, ref. §9-5 (lovdata.no).

I NOU 2016:4 kan vi lese at det i 2012 var 213 kommunale føretak, og 139 kommunar har etablert eitt eller fleire kommunale føretak. Frå 01. januar 2020 har vi 356 kommunar i Norge

(KS.no). Kommunale føretak dekker også mange ulike kommunale oppgåver, der kvart felt har sine særeigne eigenskapar. Dette kan vere alt frå kultur til eigendomsforvaltning. Med bakgrunn i utgreiinga over lurer eg på korleis står det til i dagens kommune-Norge; eigarstyring i kommunale føretak – har samansetninga av styret noko å seie? Min påstand er at kven som sit i styrene i dei kommunale føretaka seier mykje om korleis kommunen styrer dei kommunale selskapa sine. Kva forhold har kommunen til eigarstyring av selskapa sine? Og kvifor har ein eigentleg kommunale selskap for å løyse kommunale oppgåver?

Bakgrunnsspørsmåla er breie og omfattande, og gapar over meir enn ei masteroppgåve på 30 studiepoeng kan dekke. Men ved å avgrense dette til å heilt konkret sjå på styresamsetjinga i kommunale føretak spesifikt meiner eg at ein indirekte seier noko om kommunal eigarstyring. For kven setter kommunane til å styre dei kommunale føretaka; er det kommunestyrepolitikarar, er det personar med særskild krav til kompetanse, eller heilt andre? Dette seier noko om kor tett på dei kommunale føretaka den kommunale politiske leiinga ønskjer å vere, og korleis ein kan ha styring og kontroll på drifta. Korleis driv kommunane eigarstyring av dei kommunale føretaka sine.

Norske kommunar vert styrt etter kommunelova, der den noverande lova tredde i kraft 01.01.2020. Kommunelova (kap. 2) slår fast at Norge er inndelt i kommunar med eiga folkevalt leiing, at kvar kommune er et eige rettssubjekt og kan ta avgjersler på eige initiativ og ansvar. Lova seier også at offentlege oppgåver bør helst leggast til det forvaltningsnivået som er nærmast innbyggjarane. I 1992 kom det ny kommunelov, og det kom då ei endring som ga kommunane auka fridom til å ta i bruk organisering som verkemiddel (Larsen og Offerdal 2000). Før var kommunane organisert relativt likt med staten, både når det gjaldt politisk og administrativ struktur, med lite variasjon mellom kommunane.

Ein viktig faktor som medførte at organisering vart drøfta var New Public Management-bølgja, som var aktuell i denne perioden (Fimreite, 2003). Dei siste 25 år har kommuneeigde selskap tredobla seg, frå 850 i 1997 til rundt 3000 i 2014 (Aars & Ringkjøb, 2011; Bjørnsen et al., 2015). Kommunale selskap utgjer ein viktig del av den kommunale verksemda. Etableringa av fristilte selskap medfører at tradisjonell lokalpolitisk styring gjennom folkevalde organ vert erstatta av meir indirekte form for styring. Ei viktig problemstilling vert

då vilkåra for folkevald styring og demokratisk kontroll. Hovudmotivasjonen har vert auka effektivitet, med eit mønster i retning av at aksjeselskap vert valt for verksemder i ein marknad, medan ein vel kommunale føretak der tenesta ligg tett opp til kommunen si kjerneverksemd (Ringkjøb, Aars, & Vabo, 2008). Om fleire kommunar ønskjer å samarbeide om oppgåver kan ein etablere interkommunale selskap, verftskommunesamarbeid eller andre samarbeidsformer. Då problemstillinga i denne oppgåva er knytt til kommunale føretak, er det denne organisasjonsforma som får fokus vidare.

Som nemnt i innleiinga var det i 2012 213 kommunale føretak, og det var 139 kommunar som har etablert eitt eller fleire kommunale føretak (Opedal, Blomgren og Holmen, 2012). Det er dei respektive kommunestyra som sjølv treff vedtak om opprettning av kommunale føretak, vel styre og fastsett vedtekter for føretaket (kommunelova, kap.9). Kommunelova si kapittel 9 regulerer korleis vedtekten skal vere utforma, korleis styret skal veljast, korleis føretaket skal styrast og driftast, rapporteringskrav, reglar for internkontroll, budsjettstyring, m.m., samt korleis forholdet til kommunen sin administrasjon skal vere. Kommunedirektøren har nemleg ikkje instruksjons- eller omgjeringsrett ovanfor dagleg leiar, men kan instruere utsetjing av eit vedtak til kommunestyret har handsama saka. Vedkommande har i tillegg høve til å uttale seg før styret treff vedtak i saker som skal handsamast av kommunestyret.

Og når vi stiller spørsmålet om «har samansetning av styret noko å seie?» er det naturleg å sjå på kva dagens kommunelov seier om styresamansetjing. Utover det ein kommune sjølv vedtek i føretaket sine vedtekter seier kommunelova at føretaket skal leiast av eit styre og ein dagleg leiar (§9-4). Styret skal ha minst tre medlemmar valt av kommunestyret, og det er kommunestyret som veljar leiar og nestleiar i styret. Dagleg leiar kan ikkje vere medlem av styret (§9-5). Dei tilsette kan krevje at 1/5 av styret med vara kan veljast av og blant dei tilsette, der tilsettrepresentantar vil ha noko redusert mynde (mellom anna i arbeidskonflikta m.m.) (§9-6). Valperioden for styremedlemmar er på to år om ikkje anna er bestemt, med ei maksimal tid på fire år (§9-7). Myndet til styret er å treffen vedtak i alle saker som gjeld føretaket og verksemda den driv, sjå til at føretaket driv innafor eksisterande lovar og retningslinjer, samt sjå til dagleg leiar si styring av verksemda. Styret vedtek også årsbudsjett innafor ramma som kommunestyret setter, samt avleggar årsrekneskap og årsmelding (§9-8).

Forvaltningslova §6 regulerer habilitet. I første ledd bokstav e kan vi finne «at ein offentleg tenestemann er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for ei avgjersle eller å treffe avgjersle i ei forvaltingssak når han leiar eller har leiande stilling i, eller er medlem av styret eller bedriftsforsamling for 1. eit samverkeføretak, eller ei foreining, sparebank eller stiftelse som er part i saka, eller 2. eit selskap som er part i saka. Dette gjeld likevel ikkje for person som utførar teneste eller arbeid for eit selskap som er fullt ut offentleg eigd og dette selskapet, aleine eller saman med andre tilsvarande selskap eller det offentlege, fullt ut eig selskapet som er part i saka.» Styremedlemmar i kommunale føretak er ikkje omfatta av denne. Årsaka er at kommunale føretak er ikkje sjølvstendige rettssubjekt, og er ikkje omfatta av selskapsomgrepet.

3 Teoridel

3.1 Teoretisk forankring og andre empiriske studiar om emnet

Kommunale selskap, inkl. kommunale føretak, er ikkje særskild for Norge, men er å finne i heile Europa. Van Genugten, Van Thiel og Bart Voorn (2020) deler opp kommunale selskapstypar i type 1, 2 og 3; der kommunale føretak er nr 1. Dei samanliknar kommunale selskap i Europa, og ser på korleis graden av autonomi avgjer type selskap. Det er dei kommunale oppgåvene som skal løysast som er kjerna, og saman med den enkelte kommune sin kapasitet, målstyring og måloppnåing, kontroll, administrativ styring og samtidig mogleg utholing av den politiske styringa, er dette element som må vegast opp mot kvarandre når ein vel selskapsform. Det er fordeler og ulemper med alle modeller, og då gjeld det å vere medvitne dette for å velje rett. Den lokale kapasiteten er gjerne annleis (mindre) enn den statlege kapasiteten, og ein må difor gjere eit annleis val lokalt enn ein ville gjort nasjonalt.

Rekruttering av styremedlemmar til kommunale selskap generelt er i stor grad partikontrollert. Likevel meiner styremedlemmar som er aktive partimedlemmar at dei legg vekk partiidentiteten i styremøta (Ringkjøb, Aars & Vabo, 2008). Haldninga til styresamansetjing følgjer gjerne høgre-venstreaksen i politikken, og litt forenkla kan ein si at venstrepolitikarar er positive til politikarar i styra, medan høgropolitikarar ønskjer meir profesjonaliserte styrer. Uavhengig av dette er kontakta mot kommunane og eigarane viktig, og dermed også communal kompetanse i styra. For ein lokalpolitikar og styremedlem er det ulike interesser som skal ivaretakast. Ringkjøb, Aars, & Vabo, (2008) peikar på at ei kommunalt selskap kan til dømes vere politisk interessant for dei leverer ei viktig communal teneste, og tilhøyrande bestillarrolle. I tillegg har lokalpolitikarane ei ombodsrolle ovanfor innbyggjarar og brukarar, samt ei eigarolle. Kombinerer dei det med styreverv, der ein skal sikre selskapet sin interesser, kan ein få motstridande interesser og forventningar. Korleis ivareta denne dobbeltrolla?


Kommunale føretak er hybrid sjølvstyring, og sjølv om føretaka styrar seg sjølv er kommunen ansvarleg for selskapet si gjeld, og både kommunen og føretaket er arbeidsgjevar (Berge og Torsteinsen, 2021). Eigendomsforvaltning, hamn, kultur- og idrettsverksemder er alle døme på oppgåver som vert løyst gjennom kommunale føretak. Sjølv innafor kommunale føretak finn

ein ulike former for finansiering, som sjølvkostfinansiering og kommersiell finansiering. Berge og Torsteinsen (2021) peikar på at føretaka gjerne ser på seg sjølv som mykje meir kommersialisert enn eigarane ser på føretaka, og det kan vere ein motsetning mellom kommersiell styring og offentlege styringssystem. Føretaka kan også oppleve usemje rundt overskot, der eigarane vil hente ut utbytte medan selskapet ønskjer å nytte det til utvikling av drifta/forretningsa. Desse faktorane kan vere essensielle i når ein skal sjå på kven som sit i styra. Berge og Torsteinsen (2021) peikar på foretakisering som ein årsak til kulturforskjellar mellom kommunale føretak og kommune. Det er ikkje organisasjonsforma i seg sjølv som medfører dette, men kontekstualiseringa, ikkje minst gjennom marknadsorientering. Kommunedirektørar og tekniske avdelingar uttrykker generell skepsis til offentlege eigde selskap, inkludert kommunale føretak, pga. kulturforskjellar og identitet, medan lokale politikarar er meir positive då det lettar administrasjonsbyrda til kommunane (Berge og Torsteinsen, 2021).

I ein artikkkel peikar Huse (2010) på at styresamsetjing generelt inneholder fleire aspekt; Skal styret ha ein anna kompetanse enn leiinga, eller den same? Skal styremedlemmane ha lik eller liknande kompetanse og bakgrunn, eller skal styret vere prega av mangfold? Huse peikar på gode argument for begge alternativ. Ved å ha ulik kompetanse og bakgrunn som leiinga, kan styret i større grad komplimentere denne. Ved å ha lik bakgrunn og kompetanse som leiinga, kan styret i større grad skjøtte kontrollloppgåva si. For å skape verdiar i bedrifta, vil begge deler vere viktig. Huse peikar også på ulike typar kompetanse som kan vere viktige i styresamanheng; bedriftsspesifikk kompetanse, generelle og funksjonsorientert kompetanse, prosessorientert kompetanse, relasjonskompetanse, forhandlingskompetanse og personlege eigenskapar. I tillegg kjem overordna kompetansekrav, som tid og integritet. Huse seier at ein skiljer mellom å sitte i eit styre og arbeide i eit styre. I det legg han at det er ulike motivasjonar knytt til kva styre ein ønskjer å vere medlem av, og kva som skal til for å få det enkelte medlem til å engasjere seg i styrearbeidet. Kompetanse i seg sjølv er ikkje aleine nok for å skape verdi gjennom styrearbeid.

Olsen, Solstad og Torsteinsen (2017) peiker på at styrer i selskap generelt skaper rolla si innafor eit triangel av tre interessentar; eigarane, selskapet og dei eksterne interessentane. For

kommunale selskap vil eigarane vere kommunen og dei eksterne interessentane vere brukarane. Dette triangelet koplar dei opp mot Zahra og Pearce (1989) sitt triangel med styrerolla sine oppgåver elles; kontrolloppgåva, strategioppgåva og serviceoppgåva.



Figur 2 Styrerolla for kommunale selskap (Olsen, Solstad og Torsteinsen, 2017). Illustrerer samanhengen mellom interessene til hhv. eigarane, selskapet og brukarane.

Kontolloppgåva går ut på å ta vare på eigarinteressene, som i denne samanheng vil vere kommunen og dermed innbyggjarane sine interesser. Strategioppgåva går ut på å ta vare på det kommunale selskapet sine interesser, medan serviceoppgåva går ut på å ta vare på brukarane sine interesser. Og kven er brukarane til det kommunale selskapet? Det kan vere alt frå dei som svømmer i den lokale svømmehallen og alle innbyggjarane som kastar boss og har hushaldningsavfall som skal handterast, til fiskeoppdrettaren som skal få levert fôr over kai og bestemor som får middagen sin levert på døra. Er då drøftinga om politikarar vs. fagfolk det einaste ein skal sjå på når det gjeld styresamsetjing i kommunale føretak? Korleis vert brukarinteressene ivaretatt?

Mangfold rommar mange dimensjonar, som kjønn, alder, etnisitet, ansiennitet og mykje meir. Traavik (2006) peikar på at mangelen på mangfold i toppen i verste fall kan hindre norske verksemder i å tiltrekke seg, utvikle og utnytte den kompetansen som ein mangfaldig arbeidsstyrke har. CORE (Senter for likestillingsforsking) sitt topptellerbarometer kartlegg kjønnsfordelinga i dei 200 største selskapa (etter omsetning) i norsk næringsliv, og i 2020 var

det 11% kvinnelege styreleiarar i desse selskap. For selskap med lovkrav om kjønnsbalanse i styret var kvinnedelen 43%, medan den var 19% i selskap utan lovkrav. Norge var det første landet som lovregulerte kjønnsbalanse i bedriftsstyret, med første reglar vedtatt i 2003 og full iverksetting i 2008. Kjønnsvotering i styrer gjeld for offentleg eigde selskap, samverkeselskap og børsnoterte selskap (CORE, 2020). Ein litteraturgjennomgang på forsking på kjønnsmangfold i styrerom (Reddy & Jadhav, 2019) syner at det ikkje er ein einsidig konklusjon på om det er klare økonomiske fordelar med kjønnsvotering og mangfold i styrene. Eckbo, Nygaard og Thorburn (2022) peiker på at det likevel heller ikkje er økonomiske ulemper; representasjon av begge kjønn i styrene har ingen reell påverknad på lønnsemda til selskapa - det er eit sosialpolitisk styringsverktøy og eit verdispørsmål.

For etnisk mangfold tyder det på eit overordna nivå at der er ein positiv samanheng mellom etnisk mangfold og lønnsemd. Det syner ein litteraturgjennomgang på forsking (Umblijs, Orupabo og Drange, 2022). Dette vil likevel variere; mellom anna mellom industri, byar, lokalisering av mangfold og mangfaldskultur. Etnisk mangfold i leiinga er ein faktor som kan forklare positiv samanheng mellom mangfold og lønnsemd, og mangfaldsleiing er viktig for å forsterke dette. Innovasjon spelar ei sentral rolle i samanheng mellom etnisk mangfold og lønnsemd, og då særskild i innovasjonsintensive industriar. I undersøkinga til Umblijs, Orupabo og Drange vert etnisk mangfold målt i innvandrarbakgrunn. Sidan eg er usikker på kor god måling norske kommunar har på dette feltet, har eg ikkje spurt om etnisk mangfold i spørjeundersøkinga mi (sjå meir i metodekapittelet). Eg tek det likevel med her i teorikapittelet, då det heng tett saman med eit breiare mangfaldsperspektiv med dimensjonar som kjønn, alder, ansiennitet m.m. Hodne og Eik (2021) konkluderer med at mangfaldsleiing har betydning for innovasjon i norske verksemder i si bacheloroppgåve. Dei peiker mellom anna på at med ulike typar menneske skapar ein større utfordringar, og dermed auka innovasjonsmoglegheiter. Utfordringar har ein betydning for innovasjon, i samsvar med mangfaldsleiing.

Når ein ser på mangfold som eit moment inn i styresamsetjing er det difor i brei forstand; både med omsyn til like retter for alle, men også om styra rett og slett presterer betre. Då med omsyn til å fremme innovasjon, tenestekvalitet og meir framtidsretta strategiar. Det kan

mellan anna vere knytt til brukarinteressene. Vil eit kommunalt føretak med ansvar for kultur og kino, sikre breidde i tilbodet sitt om det berre sitt til dømes sit lokale damer i 50 -åra med utdanning innan kulturfeltet i styret? Kanskje. Der er jo tross alt ein administrasjon som skal syte for dagleg drift. Men om det i tillegg sitter personar i styret som til dømes er pensjonistar, eller yngre, som er dyktig på gaming, bollywood-filmar eller krigshistorie, og som saknar å kunne gå kino som er tilrettelagt for amming og babyskrik, eller erfarer at den eldre idrettshallen ikkje er så rullestolvenleg i praksis, sikrar ein betre breidde og interesse då og dermed høgre omsetjing?

3.2 Forventningar til funn ut frå teori

Problemstillinga mi er «*Eigarstyring i kommunale føretak – har samansetninga av styret noko å seie?*».

Utifrå teoriane forventar eg at styresamansetjinga har noko å seie. Har ein fleire aktive lokalpolitikarar i styra, forventar eg auka vekt på eigarkommunen sine interesser. Har ein færre som ikkje er aktive lokalpolitikarar forventar eg auka vekt på det kommunale føretaket sine interesser. Eg forventar også at mangfold er viktig, særskild knytt til brukarinteressene.

Forskingsspørsmåla mine er:

- Kven er det kommunane vel å sette i styrene i dei kommunale føretaka, og kvifor sit dei der?
- Har politikarolla, fagkompetanse, erfaring, mangfold av alder og kjønn noko å seie?
- Er det forskjell på politisk valte og profesjonelle styrer i kommunale føretak?
- Påverkar dette grad av innovasjon, kvalitet på selskapsstrategi og ivaretaking av eigarinteresser?
- Har eigentleg samansetninga av styret noko å seie utifrå kva mål eigarane set for dei kommunale føretaka sine?

Eg forventar at det vil variere rundt i kommune-Norge korleis ein veljar å sette saman styret, og eg trur at der posisjonen ligg noko til høgre på den politiske skalaen vil det vere auka profesjonalisering av styrene. Eg forventar at eit profesjonelt styre har tydelegare økonomifokus, og at dette påverkar grad av kvalitet på selskapsstrategi og ivaretaking av eigarinteresser. Eg forventar at styresamansetjinga framleis er tydeleg politisk, sjølv om ein vel å skilje ut dei kommunale oppgåvene i eigne føretak, og at styresamansetjinga vil variere utifrå kva parti som sit i hhv. posisjon og opposisjon. Eg forventar at tydeleg politisk kontroll gjer at kommunen meiner eigarinteressa er ivaretatt.

Om ein set viktigheita av erfaring og fagkompetanse i styrene opp mot mangfald og politisk tilknyting, forventar eg at begge deler er viktig for måloppnåing. Utifrå teorien om kjønnssamansetning forventar eg ikkje at mangfald målt i kjønn bidreg konkret til økonomisk gevinst, men likevel til større innovasjonsgrad. Eg antar også at det er viktig for å sende eit sosiopolitisk signal. Utifrå teorien er det framleis uklart for meg på kor medviten eigarkommunane er på samanhengen mellom måla for dei kommunale føretaka, og korleis ein set saman styret for å opp nå desse. Dette håpar eg å finne meir ut av ved å spørje kommunane.

4 Val av metode

4.1 Dei vala som er gjort i denne undersøkinga og metodiske svakheiter


I denne oppgåva er det nytta spørjeundersøking, med kvantitativ undersøkingsdesign. Som tidlegare nemnt sit eg i ei stilling som gjer at eg vert både tilskodar og deltakar til problemstillinga, og eg har jobba med å vere medviten på subjektive meininger og standpunkt, og skilje desse frå empiri. Dette er truleg medverkande til at eg har valt kvantitativ tilnærming til problemstillinga, då eg finn det vanskelegare å fristille meg frå eigne subjektive meininger og erfaringar i ei kvalitativ tilnærming, som til dømes djupneintervju og casestudie.

Kommunane og kommunale føretak er underlagt offentlegheitslova og skal i utgangspunktet svare på spørsmål om innsyn innan fem arbeidsdagar (§32). Å svare på spørjeundersøkingar ligg ikkje direkte under dette innsynskravet, sjølv om undersøkinga inkluderer faktainnhenting. Likevel har kommunane gjennom offentlegheitslova ei plikt til å leggje til rette for at offentleg verksemder er open og gjennomsiktig, for slik å styrke informasjons- og ytringsfridommen, den demokratiske deltakinga, rettstryggleiken for den enkelte, tilliten til det offentlege og kontrollen frå ålmenta. Lova skal òg leggje til rette for vidarebruk av offentleg informasjon.(§1).

Eg har valt spørsmål som er enkle å svare på (avkryssing), men til mange aktørar. Det vil sei til alle landets kommunar. Dette basert på punkta eg lista opp under problemstillinga. Spørjeundersøkinga inneholder ein generell del for innhenting av faktaopplysningar (del 1) og ein spesifikk del der ein ønskjer ordføraren sitt syn på ulike moment (del 2). Valet om å be ordførarane om å ta stilling til ulike påstandar i del 2 er for å få større innsyn i korleis dei tenker rundt problemstillinga, samt å få ein anna tilnærming enn rein faktainnhenting ved at ordførarane tek stilling til ulike påstandar.

Brønnøysundregisteret har ingen ferdigstilt oversikt over dagens kommunale føretak. Ved å ta utgangspunkt i utskrift over alle kommunale, interkommunale og fylkeskommunale selskap, samt private selskap med over 50% kommunalt eigarskap, finn eg at det per 27.04.2022 er det minimum 169 kommunale føretak i Norge (vedlegg 2). Dette er ikkje inkludert fylkeskommunale føretak.

Spørjeundersøkinga knytt til denne masteroppgåva vart sendt ut til alle landets kommunar, 356 stk., pr e-post i juni, med ei lita påminning ca. to veker etter, og vart stengt for svar ved utgangen av august. Nokre få kommunar (som til dømes Oslos kommune), har ikkje e-postadresser på heimesida si og fekk difor tilsendt undersøkinga via kontaktskjema. Det kom tilbakemelding frå 75 av kommunane på heile eller deler av undersøkinga. Dette inkluderer tilbakemeldingar per e-post frå nokre kommunar om at dei ikkje har kapasitet til å svare på undersøkinga eller at dei ikkje hadde kommunale føretak. 38 kommunar fylte ut spørjeskjemaet i del 1, medan 45 kommunar (ordførarar) fylte ut spørjeskjemaet i del 2. 11 av kommunane fylte ut både del 1 og del 2, medan 27 av kommunane fylte berre ut del 1 og 34 kommunar fylte ut berre del 2. Sjølv med tilbakemelding frå 75 kommunar, er det berre 23 kommunale føretak vi har innmeldte data på i denne undersøkinga (del 1). Det utgjer 14% av dei 169 kommunale føretaka som finnes. Med 34 kommunar som svarte på del 2, der fleire av desse har meir enn eit kommunalt føretak, har vi breiare grunnlag for å drøfte resultata av påstandane ordførarane skulle ta stilling til, enn den meir faktainnhentande delen av undersøkinga.



Figur 3 Skildring av datainnhenting og dataomfang (del 1).

Med bakgrunn i at kommunane ligg under offentlegheitslova (med tidlegare opplista formål i §1), var svarprosenten lågare enn forventa. Det kan vere ulike årsaker til. Ein kommune får inn mykje post kvar einaste dag, og det kan vere utfordrande med tanke på kapasitet å handsame alt. Ei slik spørjeundersøking vert truleg ikkje handsama som eit krav om innsyn basert på ein lovheimel. Undersøkinga vart også sendt ut rett før skuleferien (sommarferien), og var open for svar til rett etter skuleferien var over. Dette kan vere ein periode bemanninga i kommunane er redusert for å avvikle lovpålagd ferie for dei tilsette, og er gjerne ikkje like optimal for utsending av slike undersøkingar. Underteikna kunne også purra fleire gangar på den enkelte kommune. Med den låge svarprosenten vil eg vere forsiktig med å dra bastante konklusjonar, og heller drøfte meir rundt forventningane og funna på dei enkelte emna.

Del 2 av spørjeundersøkinga var tileigna ordførarane i kommunane, og ein del av undersøkinga gjekk ut på å sjå om det er variablar som kan knytast til politisk ståstad. Dette er noko av underlaget som er utgreia i teorikapittelet. Det som eg ikkje undersøkte før spørjeundersøkinga vart laga og sendt ut, er kor mange ordførarar kvart enkelt parti har. 4 av

5 ordførar i Norge tilhøyrar enten Arbeidarpartiet eller Senterpartiet (nrk.no/ssb.no). Då vert utvalet av ordførarar frå dei andre partia mykje mindre enn ein kan vente utifrå oppslutning per parti i kommunevalet 2019. Sett opp mot at ein ikkje kan vente 100% tilbakemelding frå alle vert utvalet av ordførararar som ikkje er knytt til Arbeidarpartiet eller Senterpartiet lite, slik at ein ikkje kan trekke for bastante konklusjonar. Sett opp i mot den faktainnhentande del 1 vart eg likevel overraska over at tilbakemeldingane var fleire på del 2 enn på del 1. Eg hadde venta meg at svarprosenten vart lågare hos ordførarane, som har mange andre oppgåver å løyse i kvardagen, enn tilbakemeldingane frå del 1. Sistnemnte går primært til eit postmottak der sakshandsamarane har handtering av all inngåande og utgåande post som hovudarbeidsoppgåve. Sakshandsamarane er gjerne avhengig av ein tredjepart for å hente inn den naudsynte informasjonen, og det kan vere ein årsak til at tilbakemeldingsprosenten vart lågare på denne delen.

Som ein oppfølging til den kvantitative undersøkinga kan det vere ei løysing å supplere med kvalitative djupneintervju. Dette vart vurdert i etterkant av spørjeundersøkinga med bakgrunn i den låge svarprosenten. Dette vart likevel valt å ikkje gjere i denne omgang med omsyn på omfanget av oppgåva og innleveringsfrist. Underteikna peikar heller på at det kan vere eit høve til nye forskingsspørsmål knytt til seinare oppgåver, om ein ønskjer å fordjupe seg ytterlegare rundt problemstillinga.

4.2 Etiske avvegningar

Eg har valt å stille spørsmål som er relativt sett enkle å svare på; primært faktabaserte og lite kontroversielle. Sjølv påstandane som ordførarane skal ta stilling til er prega av kvantitativ tilnærming. Dette med bakgrunn i at eg sender dette ut til alle landet sine kommunar, og at det er offentlege spørsmål som kjem på postlister m.m. Eg har difor ikkje lagt inn eigne formuleringar rundt personvern med meir i spørjeskjema, og har heller ikkje lagt inn høve til anonymitet i svara. Mi tilnærming er at denne informasjonen kjem innunder offentleg innsyn/offentleg tilgjengeleg informasjon til ålmenta si interesse, regulert av offentlegheitslova. Det same gjeld påstandane til ordførarane, som er politiske problemstillingar og erfaringar ein lokalpolitikar normalt må kunne stå for, og vere open om meininga si når vedkommande fungerer som politisk leiar av kommunen.

5 Presentasjon og drøfting av funn

5.1 Presentasjon av dei sentrale funna

Faktainnhenting – svar frå del 1


Av dei 38 kommunane som svarte på del 1 svarte 18 at dei hadde eitt eller to kommunale føretak og 20 at dei ikkje hadde det. Av dei kommunane som har kommunale føretak er det flest av dei som har eitt føretak, og det er føretak i sjangeren kultur og idrett (9), eigendomsforvaltning (5), næringsutvikling (4), hamn (2), parkering (1), energi (1) og anna (2). Det er totalt 23 kommunale føretak vi har innmeldte data på.

Dei respektive føretaka har styrer med alt frå 3 til 10 styremedlemmar, men fem styremedlemmar er det mest vanlege og det var storleiken på styra til over halvparten (14) av dei kommunale føretaka. Rett over halvparten (14) av dei kommunale føretaka har styremedlemmar som også er medlem av kommunestyret, og det varierer frå eitt styremedlem til heile styret. Berre tre av dei kommunale føretaka hadde styrer der halvparten eller meir av medlemmane sit i kommunestyret. Halvparten av styreleiarane (11) er fast medlem av kommunestyret. Ingen av kommunane som svarte på undersøkinga har styremedlemmar som sit i styret i fleire kommunale føretak.

Det er totalt 39,7% kvinneandel i dei innmeldte føretaka, rett under halvparten (10) av dei kommunale føretaka har styrer med ein kvinneandel på 50% eller meir. Det er relativt god spreiing i alder på styremedlemmane, men det er likevel aldersgruppa 40 til 59 år som er den mest dominante.

Tre av kommunane stiller krav til spesifikk arbeidserfaring til styremedlemmane i dei kommunale føretaka, medan seks stiller formelle krav som ikkje er knyta til formell utdanning/spesifikk erfaring. Halvparten av kommunane har altså ingen formelle krav til styremedlemmane i dei kommunale føretaka. Litt under halvparten av kommunane oppgjer at

dei tilbyr styremedlemmane kursing i styrearbeid, litt under halvparten av kommunane seier at dei ikkje gjer det, medan resten har ikkje svart på spørsmålet om dette.




Figur 4 Formelle krav til styremedlemmar før oppnemning i den enkelte kommune (som har kommunale føretak). N=18. (Etikett: Øvste er krav til kompetanse, midterste er tal på føretak det gjeld, og siste er prosentdel føretak det gjeld). Note – Når det vert satt opp «erfaring som ikkje er knytta til formell utdanning eller spesifikk erfaring» er det meint relevant erfaring generelt.

Kva meiner ordførarane – svar frå del 2

Om vi no beveger oss vidare på del 2 der ordførarane har svart på ulike påstandar, finn vi at det er ordførarar frå Senterpartiet med 41% (18) og Arbeidarpartiet med 39% (17) som utgjer størstedelen av desse. I tillegg finn vi ordførarar frå Høgre (4), Framstegspartiet (1), og

ordførarar frå lister/parti som ikkje er blant dei 9 største partia som er representert på Stortinget (4).


Halvparten (22) av ordførarane kan melde at posisjon/opposisjon er delvis avgjerande for kven som sit i styra i kommunale føretak, litt mindre enn halvparten (21) seier at det ikkje er avgjerande i heile tatt, medan ein liten del melder at det er heilt avgjerande (4). 3 av desse seier det er delvis/ikkje avgjerande (har velt begge svara).



Figur 5 Er posisjon/opposisjon avgjerande for kven som sit i styra i kommunale føretak? Svar fordelt på partitilhøyrighet. N=44.

Heile skalaen vert brukt når ordførarane skal svare på om dei er eining i at politikare som styremedlemmar i kommunale føretak er avgjerande for korleis styret tek i vare eigar sine interesser i positiv retning, og det er like mange som heilt eller delvis ueinig som dei som er heilt er delvis eining.


Kor eining er du i følgjande påstand? Politikere som styremedlemmar i kommunale føretak er avgjerande for korleis styret ivaretok eigar sine interesser i positiv retning.



Figur 6 Kor eining er du i følgjande påstand? Politikare som styremedlemmar i kommunale føretak er avgjerande for korleis styret varetok eigar sine interesser i positiv retning. 1= Einig, 10 = Ueinig. N=44

Om ein ser på kor eining ordførarane er i at mangfald blant styremedlemmane i kommunale føretak er avgjerande for stor innovasjonsgrad finn ein at dei er litt meir einig, men også her er det stor spreiing. Likevel kan ein finne at seks av ti av ordførarane meiner at mangfald er heilt eller delvis avgjerande for stor innovasjonsgrad. Om vi ser på partitilknyting finn vi at Senterpartiordførarar er noko meir einig i dette enn resten av gruppa.


Kor eining er du i følgjande påstand? Mangfald (kjønn, alder, m.m.) blandt styremedlemmar i kommunale føretak er avgjerande for stor innovasjonsgrad.



Figur 7 Kor eining er du i følgjande påstand? Mangfald (kjønn, alder, m.m.) blandt styremedlemmar i kommunale føretak er avgjerande for stor innovasjonsgrad. 1= Einig, 10 = Ueinig. N=44


To tredjedel av ordførargruppa meiner at profesjonelle styremedlemmar i kommunale føretak er heilt eller delvis avgjerande for høg kvalitet på selskapsstrategien til føretaket.

Kor einig er du i følgjande påstand? Profesjonelle styremedlemmar i kommunale føretak er avgjerande for høg kvalitet på selskapsstrategien til føretaket.



Figur 8 Kor einig er du i følgjande påstand? Profesjonelle styremedlemmar i kommunale føretak er avgjerande for høg kvalitet på selskapsstrategien til føretaket. 1= Einig, 10 = Ueinig. N=44


Om ein setter relevant erfaring og fagkompetanse blant styremedlemmane i kommunale føretak opp mot mangfold og politisk tilknyting, er to tredeler av ordførargruppa heilt eller delvis einig i at relevant erfaring og fagkompetanse er klart viktigast for måloppnåinga i føretaket. Dette gjeld på tvers av partigrenser.



Figur 9 Kor einig er du i følgjande påstand? Relevant erfaring og fagkompetanse blandt styremedlemmane i kommunale føretak er klart viktigare enn mangfold og politisk tilhøyrlighet, for måloppnåinga i det kommunale føretaket. 1= Einig, 10 = Ueinig. N=44

Halvparten av ordførargruppa legg seg midt på treet og er verken einig eller ueinig i at å skilje ut kommunale oppgåver/tenester i kommunale føretak gjev betre resultat per investerte kroner enn å organisere det internt i kommunen. Om ein ser på svarresultatet samla sett er faktisk ordførarane litt meir ueinig enn einig i at ein får betre økonomisk resultat ved å skilje ut kommunale føretak enn om ein organiserer tenesta internt. Her er det ikkje forskjell om ein ser på partitilknytinga til ordføraren.


Kor einig er du i følgjande påstand? Å skilje ut kommunale oppgåver/tenester i kommunale føretak, gjev betre resultat per investerte krone enn å organisere det internt i kommunen.



Figur 10 Kor einig er du i følgjande påstand? Å skilje ut kommunale oppgåver/tenester i kommunale føretak, gjev betre resultat per investerte krone enn å organisere det internt i kommunen. 1= Einig, 10 = Ueinig. N=44


Tre fjerdedel av ordførargruppa svarar at det å skilje ut kommunale oppgåver/tenester i kommunale føretak er minst like ressurskrevjande som å organisere det internt i kommunen.

Kor einig er du i følgjande påstand? Å skilje ut kommunale oppgåver/tenester i kommunale føretak, er mindre ressurskrevjande enn å organisere det internt i kommunen.



Figur 11 Kor einig er du i følgjande påstand? Å skilje ut kommunale oppgåver/tenester i kommunale føretak, er mindre ressurskrevjande enn å organisere det internt i kommunen. 1= Einig, 10 = Ueinig. N=44


To tredjedelar av ordførarane er heilt eller delvis ueinig at val av styremedlemmar til kommunale føretak primært er ein politisk kabal som skal løysast, og kvar femte ordførar avviser dette heilt. Det er berre nokre få stader som melder at styresamsetjinga primært er ein politisk kabal.



Figur 12 Kor einig er du i følgjande påstand? Val av styremedlemmar til kommunale føretak er primært ein politisk kabal som skal løysast - der partia sine interesser skal ivaretakast. 1= Einig, 10 = Ueinig. N=44

Over halvparten av ordførarane melder at val av styremedlemmar til kommunale føretak er heilt eller delvis ein grundig prosess der ein primært koplar erfaring og fagkompetanse til det enkelte føretaket sitt føremål.

Kor einig er du i følgjande påstand? Val av styremedlemmar til kommunale føretak er ein grundig prosess der ein primært koplar erfaring og fagkompetanse til det enkelte føretaket sitt føremål.



Figur 13 Kor einig er du i følgjande påstand? Val av styremedlemmar til kommunale føretak er ein grundig prosess der ein primært koplar erfaring og fagkompetanse til det enkelte føretaket sitt føremål. 1= Einig, 10 = Ueinig. N=44

5.2 Drøfting av funn i forhold til forventningar

Utifrå svara til ordførarane finn eg at forventningane eg hadde til at styresamsetjinga har noko å seie, det stemmer. Kommunestyra har eit bevisst haldning til styresamsetjinga dei kommunale føretaka utover dei politiske styrkeforholda. Avgjersla rundt samansetning av styrene er ein heilheitleg vurdert prosess av dei potensielle styremedlemane sine eigenskapar sett opp mot forhandsdefinerte kriteria, framfor ein politisk «hestehandel». Dette gjeld uavhengig av kor ein finn seg på den politiske skalaen. Likevel, som eg gjer greie for i metodekapittelet, er underlaget til konklusjonen knytt til samanhengen med politisk ståstad og meinings noko avgrensa.

Når det gjeld forventninga om at styresamsetjinga primært består av aktive politikarar for sikre god politisk kontroll, stemte ikkje forventningane mine heilt - med at berre halvparten av dei kommunale føretaka har styremedlemmer som også sit i kommunestyret. Av desse igjen var det enno færre styrer der halvparten eller fleire av styremedlemane også sit i

kommunestyret. Eg forventa også at det var styremedlemmar som satt i fleire styrer internt i kommunen. Bakgrunnen for forventningane mine om at dette var ei ganske utbreitt utfordring er usemja med NOU'en, om å gjere det ulovleg å sitje i både kommunestyret og styret i kommunale føretak på same tid. Det igjen kan ha medført til at eg har trudd at styresamsetjing oftare har vert ein politisk kabal som skal løysast, noko funna frå denne undersøkinga har avvist. Eg venta også at den same utfordringa gjaldt styreleiarane, og venta ikkje at berre halvparten av desse også sit i kommunestyra. Likevel finn vi, som forventa, at posisjon/opposisjon er delvis avgjerande for samansetninga.

Om vi ser på talet på styremedlemmar i dei kommunale føretaka er det stor variasjon, frå 3 til 10 representantar. Sjølv om det er 5 styremedlemmar som er mest vanleg, har 6 av 23 kommunale føretak 7 eller fleire styremedlemmar. Uavhengig av årsak legg det i det minste til rette for at ein kan ta omsyn til både politisk breidde, mangfald og ulike erfaringar i styresamsetjinga.

Eg vart meir overraska over at 40% av dei kommunale føretaka ikkje har minst 40% kvinnedel i styret, då det tross alt er eit lovkrav. Om ein snur på det finn vi at berre eitt av dei oppgitte kommunale føretaka ikkje har minst 40% menn i sitt styre. Det vil sei at når kommunane ikkje klarer å halde på lovkravet om minst 40% representasjon av begge kjønn, er det kvinnepresentasjon som er det mest utfordrande. Det kan vere ulike orsakar til at kommunestyra ikkje følgjer lovkravet; som at kommunestyret og kontrollutvalet ikkje følgjer opp krava i lovverket godt nok, at det ikkje finnes kandidatar med rett kompetansekrav, eller at det til dømes er gjennomført listeaval av representantar. Ein kan også undre seg om det er vanskelegare å finne kompetente kvinner; leiter ein breitt nok og utover eigne nettverk, er det kvinnene som ikkje vil eller vert det underordna sett opp mot dei andre kvalifikasjonane? Dette kan vi ikkje vite, med bakgrunn i innmeldte data, og difor berre stille spørsmåla som ei seinare oppgåve eventuelt kan undersøke.

Når det gjeld formelle krav til styremedlemmane er det berre halvparten av kommunane som har dette, og under halvparten av kommunane informerer om at dei tilbyr styremedlemmane

kursing i styrearbeid. På desse spørsmåla er det færre tilbakemeldingar enn elles i undersøkinga, kan det vere at dei som svarer ikkje veit kva som gjeld for sin kommune? Det er i alle fall større usikkerheit til konklusjonane her enn på andre spørsmål, då vi har fleire kommunale føretak det ikkje er oppgitt data på. Når det gjeld kjerna i problemstillinga – eigarstyring av kommunale føretak og kompetente styrer – finn underteikna det overraskande at ikkje fleire kommunar tilbyr styremedlemmane sine opplæring. Korleis sikrar ein at styremedlemmane forstår rolla og oppgåva si, og gjer det beste for det kommunale føretaket? Og om ein ser på ulike grunnar til at ein kommune vel å skilje ut kommunale oppgåver i eit kommunalt føretak; som økonomisk gevinst, tenestekvalitet, effektivitet, samfunnsoppdrag eller liknande. Der eg tek utgangspunkt i at ein skil ut kommunale tenester i kommunale føretak for å betre ivaretaking av eigarinteressene, for å ha eit klart mål med oppgåvene, at ein ønskjer stor innovasjonsgrad, at ein ønskjer høg kvalitet på selskapsstrategien (for å oppnå målet), for oppnå betre resultat per investerte krone og for å utnytte ressursane betre. Korleis setter eigarkommunen saman styret sitt for å oppnå dette? Det får eg ikkje svar på, då halvparten av kommunane ikkje har formelle krav til styremedlemmane før oppnemning. Då blir eg på nytt nysgjerrig, kva ligg til grunn når kommunane vel styremedlemmar til kommunale føretak? Korleis kan dei gjere gode, langsiktige og omforeinte val, når halvparten av kommunane ikkje ein gang har definert formelle krav til kva kompetanse dei ønskjer at styremedlemmane skal ta med seg inn i styrearbeidet?

Halvparten av ordførarane meiner at posisjon/opposisjon er delvis avgjerande for kven som sit i styra i kommunale føretak, og litt mindre enn det meiner at det ikkje er avgjerande i det heile tatt. Det er berre 9% som melder om at det er heilt avgjerande. Utifrå svara frå ordførarane våre finn eg at samansetninga av styra i kommunale føretak difor er meir enn ein politisk «hestehandel» og ein kabal som skal løysast. Det er andre moment som er avgjerande når styra i kommunale føretak skal settast saman. Dette uavhengig av partitilknyting.

Heile skalaen vert brukt når ordførarane skal svare på om dei er einig i at politikarar som styremedlemmar i kommunale føretak er avgjerande for korleis styret ivaretak eigar sine interesser i positiv retning, og det er like mange som heilt eller delvis ueinig som dei som er heilt er delvis eining. Her er vanskeleg å finne ein samanheng mellom partitilknyting og

resultat. Meiningane er like spreidd i dei ulike partigruppene. Kan det vere underteikna som stiller feil spørsmål? Er politiske styrer og profesjonelle styrer ein motsetning som ikkje er reell? Politikarar har kunnskap og erfaring frå korleis det politiske systemet verkar, og korleis beslutningsprosessar fungerer. Dette er utvilsamt viktig og nyttig kunnskap å ha i eit styre i eit kommunalt føretak, då ein må skjønne dei politiske prosessane for å få gjennomslag. Likevel finn vi at ordførarane ikkje eintydig meiner at dette er avgjerande for korleis styret tek i vare eigar sine interesser i positiv retning. Og kanskje det ikkje er avgjerande aleine, men ein viktig eigenskap som kan komplettere andre eigenskapar? Når underteikna greier ut om mangfald, forhandsdefinerte kvalifikasjonar og andre viktige eigenskapar som bør vere med i eit styre, så bør politisk kompetanse vere ein del av dette. Det treng ikkje å vere enten eller.

Om ein ser på kor einig ordførarane er i at mangfald blant styremedlemmane i kommunale føretak er avgjerande for stor innovasjonsgrad finn ein at dei er litt meir einig, men også her er det stor spreiing. Likevel kan ein finne at seks av ti av ordførarane meiner at mangfald er heilt eller delvis avgjerande for stor innovasjonsgrad. Om vi ser på partitilknyting finn vi at Senterpartiordførarar er noko meir einig i dette enn resten av gruppa. Utifrå dette vil eg tru at mangfald er eit viktig moment når eigarane set saman styret i kommunale føretak. Mangfald kan bety mykje, som ulik fagkompetanse, alder, kjønn, etnisk bakgrunn m.m. I undersøkinga her er det berre alder og kjønn som er målt. Om ein ser på alder er heile spekteret tatt i bruk, og ein finn ikkje ei klar overvekt over eldre menn som underteikna venta, sjølv om det er nokon fleire av dei. Om vi ser på kjønn fann vi tidlegare at langt ifrå alle eigarkommunane har satt saman eit styre som held minimumskravet rundt kjønnsbalanse. Då kan ein gjerne spørje seg om ein klarer å kombinere teori og praksis; Sjølv om ein meiner at mangfald er viktig for innovasjonsgrad, klarer ein å sette saman eit mangfaldig styre? Jobbar ein breitt nok når ein skal sette saman eit styre, eller vel ein dei kandidatane som ein finn i nærmeste krets og som ein er vant til å nytte frå før? Dette er også ei problemstilling ein kan gå meir i djupna på.

To tredjedelar av ordførarane er heilt eller delvis ueinig at val av styremedlemmar til kommunale føretak primært er ein politisk kabal som skal løysast, og kvar femte ordførar avviser dette heilt. Det er berre nokre få stader som melder at styresamsetjinga primært er ein politisk kabal. Om vi ser på partitilknyting er det liten forskjell om ordførarane tilhøyrar

venstre- eller høgresida i politikken, men med eit lite unntak – ordførarane som ikkje tilhøyrar dei største partia melder at dette oftare er tilfelle enn resten av gruppa. Over halvparten av ordførarane melder derimot at val av styremedlemmar til kommunale føretak er heilt eller delvis ein grundig prosess der ein primært koplar erfaring og fagkompetanse til det enkelte føretaket sitt føremål.

To tredjedel av ordførargruppa meiner at profesjonelle styremedlemmar i kommunale føretak er heilt eller delvis avgjerande for høg kvalitet på selskapsstrategien til føretaket. Også her er Senterpartiordførarane noko meir eining enn resten. Igjen ser vi at heile skalaen vert tatt i bruk, men delvis eining er det som er valt oftast. Om ein setter relevant erfaring og fagkompetanse blant styremedlemmane i kommunale føretak opp mot mangfold og politisk tilknyting, er også to tredjedeler av ordførargruppa heilt eller delvis eining om relevant erfaring og fagkompetanse er klart viktigast for måloppnåinga i føretaket. Dette gjeld på tvers av partigrenser. Utifrå tilbakemeldingane på desse spørsmåla finn eg at det er profesjonelle styremedlemmar, med relevant erfaring og fagkompetanse som er den viktigaste faktoren når eigarkommunane set saman styret i dei kommunale føretaka. Eg venta at mangfold og politisk tilknyting er like viktig som erfaring og fagkompetanse, men vi ser at erfaring og fagkompetanse vert trekt fram som viktigare. Igjen stiller eg meg spørsmålet om det var rett å sette fagkompetanse og politisk tilknyting som ei motsetning. Politisk tilknyting og politisk kompetanse treng ikkje å vere det same. Men politisk kompetanse er absolutt ein viktig fagkompetanse i styret i eit kommunalt føretak. Basert på tilbakemeldingane frå ordførarane rundt fagkompetanse vert eg likevel overraska over at det ikkje er fleire kommunale føretak som har formelle krav til kompetanse, samt styreopplæring. Eg får ikkje synspunkt og praksis til å henge saman.

Halvparten av ordførargruppa legg seg midt på treet og er verken einig eller ueinig i at å skilje ut kommunale oppgåver/tenester i kommunale føretak gjev betre resultat per investerte krone enn å organisere det internt i kommunen. Om ein ser på svarresultatet samla sett er faktisk ordførarane litt meir ueinig enn einig i at ein får betre økonomisk resultat ved å skilje ut kommunale føretak enn om ein organiserer tenesta internt. Her er det ikkje forskjell om ein ser på partitilknyting til ordføraren. I tillegg til dette svarer heile tre fjerdedel av

ordførargruppa at det å skilje ut kommunale oppgåver/tenester i kommunale føretak er minst like ressurskrevjande som å organisere det internt i kommunen. Det første spørsmålet eg stiller meg då er, kvifor har vi eigentleg desse kommunale føretaka?

Forventningane om at eit profesjonelt styre har tydelegare økonomifokus, og at dette påverkar grad av kvalitet på selskapsstrategi og ivaretaking av eigarinteresser vart berre delvis stadfesta. Det var ikkje ei samstemt ordførargruppe på dette emnet, sjølv om fleire var eining enn ueinig, og om ein trekk inn økonomibiten finn ein at mange av ordførarane meiner det ikkje gjev betre økonomisk resultat om ein organiserer dei kommunale tenestene som kommunale føretak. Har styret eigentleg noko å seie då, når tenesta like gjerne kunne lagt som ein kommunal etat? Når i tillegg tre fjerdedel av ordførargruppa meiner at det å skilje ut kommunale oppgåver/tenester i kommunale føretak er minst like ressurskrevjande som å organisere det internt i kommunen, kan ein stille seg spørsmålet – kvifor vel kommunane å organisere kommunale tenester i kommunale føretak? Er det for det «alltid» har vert gjort slik, og då er vanskelege å gjere noko med? Er ein flink nok til å evaluere organisering og resultat med jamne mellomrom?

Eg har tatt utgangspunkt i at ein skiljer ut kommunale oppgåver i eigne kommunale føretak for:

- betre ivaretaking av eigarinteressene
- å ha eit klart mål med oppgåvene
- at ein ønskjer stor innovasjonsgrad
- at ein ønskjer høg kvalitet på selskapsstrategien (for å oppnå målet)
- for oppnå betre resultat per investerte krone og for å utnytte ressursane betre.

Om ein ikkje meiner det gir betre økonomisk resultat og at ein ikkje utnyttar ressursane betre, kan det vere dei andre punkta som gjer at ein vel å halde på denne løysinga. Eg blir likevel nysgjerrig på kor ofte kommunane evaluerer organisasjonsform på dei kommunale tenestene, og kva resultat ein ønskjer å oppnå. Det kan absolutt vere eit emne å fordjupe seg i seinare.

5.3 Oppsummering

Problemstillinga er «*Eigarstyring i kommunale føretak – har samansetninga av styret noko å seie?*» med forskingsspørsmåla:

- Kven er det kommunane vel å sette i styrene i dei kommunale føretaka, og kvifor sit dei der?
- Har politikarolla, fagkompetanse, erfaring, mangfald av alder og kjønn noko å seie?
- Er det forskjell på styrer samansat av aktive politikarar og profesjonelle styrer i kommunale føretak?
- Påverkar dette grad av innovasjon, kvalitet på selskapsstrategi og ivaretaking av eigarinteresser?
- Har eigentleg samansetninga av styret noko å seie utifrå kva mål eigarane set for dei kommunale føretaka sine?

Utifrå tilbakemeldinga frå ordførarane er det ikkje eintydig kven kommunane vel å sette i dei kommunale føretaka, og kvifor dei sit der. Det er ei samansat vurdering som varierer for den enkelte kommune. Politikarolla, fagkompetanse, erfaring, mangfald av alder og kjønn har noko å seie. Ikkje isolert sett aleine som ein eintydig eigenskap eit styre må ha, men som viktige puslespelbitar eit heiltalig bilet. Ein god samansetning av alle desse momenta er avgjerande for eit balansert og godt samansett styre. På spørsmålet om det er forskjell på styrer samansat av aktive politikarar og profesjonelle styrer i kommunale føretak, finn vi ikkje at det er enten eller. Stort sett er det begge deler i styrene; både politikare og andre med relevant kompetanse. Komplementære styrer med alle formar for mangfald (som liste over) er viktig for innovasjon, kvalitet på selskapsstrategi og ivaretaking av eigarinteresser. Ja, samansetning av styret har noko å seie utifrå kva mål eigarane set for dei kommunale føretaka sine.

6 Avslutning og vegen vidare

Som gjort greie for under metodekapittelet har eg gått breitt ut til alle landet sine kommunar med ein spørjeundersøking, med enkel avkryssing. Med relativ låg prosent av tilbakemeldingar kan eg ikkje trekke for bastante konklusjonar. Eg kan heller ikkje stille oppfølgingsspørsmål når funna gir meg nye spørsmål eller vere sikker på om alle tolkar spørsmåla på same måte. Som ein erfaringsbasert masteroppgåve har denne oppgåva gitt eit innblikk i problemstillingar rundt eigarskap av kommunale føretak, men dette er eit stort felt ein kan gå meir i djupna på. I metodekapitelet peika eg på høve til å plukke ut nokre kommunar og ordførarar til djupneintervju for å få ei breiare forståing for korleis desse tenkar og agerer. Om eg skulle laga ei meir omfattande oppgåve, eller laga ei ny masteroppgåve basert på denne ville det vere mitt opplagte val.

Vidare vert eg og nysgjerrig om det er forskjell på mindre og større kommunar, og korleis dei held seg til kommunale selskap. Er kommunale selskap mest nyttig for mindre kommunar eller større kommunar? Er større kommunar med byparlamentarisme, som til dømes Oslo og Bergen, tettare på sine kommunale selskap og kan drive tettare eigarstyring? Denne oppgåva har også gjort meg meir nysgjerrig på vala ein kommune gjer når dei opprettar kommunale selskap, avsluttar dei eller endrar selskapsform. Kva val ligg til grunn for dette, og korleis evaluerer kommunane dei kommunale selskapene. Også dette trur eg kan vere utfordrande å gå i djupna på ved hjelp av kvantitativ spørjeundersøking, og her ville eg ha sett på enkeltcase og gått i djupna på dette. Dette saman med fleire problemstillingar og nye spørsmål eg har løfta i drøftingskapittellet, og som eg kunne tenkt meg å gå meir i djupna på ved eit seinare høve.

Sjølv om denne oppgåva ikkje har gitt eintydige, klare svar og funn, har det vert ein svært spennande og lærerik prosess med mykje refleksjon. Eg håpar du som leser også har fått eit innblikk i denne reisa, og blitt litt meir nysgjerrig på kvifor kommunen løyser kommunale oppgåver gjennom eigne selskap og samtidig sikrar eit godt lokaldemokrati.

Referanseliste

Aars, J. & Ringkjøb, H.-E. (2011), «Local democracy Ltd. The political control of local government enterprises in Norway.», *Public Management Review*, 13, 6.

Berge, B. M. og Torsteinsen, H. (2021), «Corporatization in local government: Promoting cultural differentiation and hybridity?», *Public Administration*.

Bergen havn og styresamsetning, Bergens Tidende 02.10.2022:

<https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/EQalzA/fredag-ble-tryti-vraket-fra-havnestyret-naa-fyrer-hun-loes-mot-eget-byraad>

Bjørnsen, H.M., Klausen, J.E. & Winsvold, M. (2015): «Kommunale selskap og folkevalgt styring gjennom kommunalt eierskap.», Rapport 2015:1. Oslo: Norsk institutt for by- og regionforskning (NIBR).

CORE – Senter for likestillingsforskning sitt toppleiarbarometer for 2020 (30.10.2022):

<https://www.samfunnsforskning.no/core/publikasjoner/core-indikator-status/core-toppledelerbarometer/core-toppledelerbarometer-2020/core-toppledelerbarometer-2020.html>

Eckbo, Nygaard & Thorburn (2022), «Does Mandatory Board Gender-Balancing Reduce Firm Value?», ECGI Working Paper Series in Law, Working Paper N° 629/2022.

Fakta om nye kommunar frå 2020, KS (30.10.2022):

<https://www.ks.no/fagområder/demokrati-og-styring/kommunestruktur/noen-fakta-om-nye-kommuner-fra-2020/>

Fimreite, Anne Lise (2003), «Velferdsstaten og lokaldemokrati – uforenelige størrelser?», Norsk Statsvitenskaplig Tidsskrift, vol 19.

Hodne og Eik (2021), «Betydning av mongfoldsledelse for innovasjon i norske virksomheter.», bacheloroppgåve ved Norsk Hotellhøgskole.

Huse (2010), «Styremedlemmene: Fra uavhengighet til mangfold og dynamisk kompetanse.», Fagartikkelen i MAGMA 0710.

Innstilling frå kommunal- og forvaltningskomiteen om «Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)», Innst. 369L (30.10.2022):

<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2017-2018/inns-201718-369/>

Jacobsen, Dag Ingvar (2015), «Hvordan gjennomføre undersøkelser?» Cappelen Damm Akademisk.

Larsen, Helge O. og Audun Offerdal (2000), «Political Implications of the New Norwegian Local Government Act of 1992», Fagbokforlaget.

Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) (30.10.2022):

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10>

Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) (30.10.2022):

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83>

NOU 2016:4: «Ny kommunelov» (30.10.2022):

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2016-4/id2478743/?ch=12>

Olsen, Solstad og Torsteinsen (2017): «The meaning of institutional logics for performance assessment in boards of municipal companies», Taylor & Francis (Routledge):

<https://munin.uit.no/handle/10037/13358>

Opedal, Blomgren og Holmen (2012), «Kommunale foretak – konsekvenser for folkevalgt styring og lokaldemokrati», IRIS 2012/072:

<https://norceresearch.brage.unit.no/norceresearch-xmlui/bitstream/handle/11250/2631854/IRIS%202012-072%20kommunale%20foretak.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

Ordførarar per parti etter kommunevalet (30.10.2022):

2019: <https://www.nrk.no/vestland/ap-er-fortsatt-norges-storste-ordforerparti-1.14702914>

2015 og eldre (offisiell statistikk): <https://www.ssb.no/253872/ordforere-etter-parti-valgliste-ved-kommunestyrevalget>

Oversikt over alle landets kommunar per 01.01.2020:

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommunestruktur/nyekommuneogfylkesnummer/id2629203/>

Prop. 46 L (2017-2018): «Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) (30.10.2022):

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-46-l-20172018/id2593519/?ch=12>

Regjeringa om statleg eigarskap (30.10.2022):

<https://www.regjeringen.no/no/tema/naringsliv/statlig-eierskap/hvorfor-eier-staten/id2607021/>

Ringkjøb, H.-E., Aars, J. & Vabo, S.I. (2008), «Lokalt folkestyre AS. Eierskap og styringsroller i kommunale selskap.» Rapport 1/2008. Bergen: Rokkansenteret UIB.

Saksgang: « Ny kommunelov» (30.10.2022):

<https://www.regjeringen.no/no/dokument/dep/kmd/sak/saksgang-ny-kommunelov/id2607160/>

Store norske leksikon: «Norges offentlige utredninger (NOU)» (30.10.2022):

[https://snl.no/Norges_offentlige_utredninger_\(NOU\)](https://snl.no/Norges_offentlige_utredninger_(NOU))

Sudheer Reddy & Aditya Mohan Jadhav (2019). «Gender diversity in boardrooms – A literature review.» Cogent Economics & Finance, Volume 7, 2019 - Issue 1 .

Traavik (2006), «Ledelse av Mangfold. », artikkelen i MAGMA Magnetic Resonance Materials in Physics Biology and Medicine (June 2006).

Umblijs, Orupabo & Drange (2022), «Sammenhenger mellom etnisk mangfold og lønnsomhet i norske virksomheter.» Institutt for Samfunnsforskning, rapport 3:22.

Van Genugten, Van Thiel & Voorn (2020), «Local governments and their arm's length bodies», Routledge, Local Government Studies.

Van Thiel (2015), «Boards of public sector organizations: a typology with Dutch illustrations», Emerald Insight, International Journal of Public Sector Management, 28, 4/5.

Zahra, S.A. and Pearce II, J.A. (1989), Boards of directors and corporate financial performance: a review and integrative model. Journal of Management, 15, 2.

Åpenhetsbarometeret 2021, nkrf.no (30.10.2022):

